Sømna IL, gullmedaljørar i NM mix lag. Frå venstre Lars Arthur Johansen, Tor Eivind Grude, Tove Stoen og Marian Wærstad Grude



Christian Bakke og Tor Eivind Grude, gull på kalasscore i NM junior



Dei tri av vinnarane i Patton som hadde krefter til å oververa medaljeseremonien. Frå venstre Rogeir Paulsen, Sjur Arne Bøe og Jon-Egil Furunes

Kristoffer Hegge, medan Kristian Barstad Ellingsen – Harald Eide frå høvesvis Sortland BK og BK Hein 46, måtte ta til takke med bronzen.

Litt meir kritikk avfødde det at den populære lagtevlinga Patton i år gjekk parallelt med NM mix lag. Det fanst vel rett og slett ikkje eit anna tidspunkt å leggje henne på, men det verkar jo dumt at det skal vera slik. Det var eit markant fall i deltakinga i Patton, frå 50 lag i fjor til 33 i år, men mange som spela NM mix lag kunne utvilsamt ha tenkt seg å spela Patton òg. Uansett gratulasjonar til vinnarane, Premietyven, eit pseudonym for Rogeir Paulsen, som i dette tilfellet hadde med seg Sjur Arne Bøe, Jon-Egil Furunes, Geir Helgemo, Per Arne Flått og fjorårvinnar Håkon Kippe. Geir Helgemo spela berre to tevlingar på Bridgefestivalen, Patton og NM mix par, og vann altså båe to, naturleg nok. Medan vinnarlaget var ei blanding med sterke innslag frå Heimdal BK, gjekk andrelassen til eit lag som i sin heilskap kjem frå denne mestvinnande av alle norske klubbar i nyare tid, i dette tilfellet under namnet Heimdal trav og galopp. Der spela Morten Tilset – Øystein Olsen og Kjell Helmersen – Einar Asbjørn Brenne. På tredjeplass kom lag Bakke, far Tor og son Christian Bakke, Jim Høyland – Sam Inge Høyland og butlervinnarar Arve Farstad – Jon Aabye.

Ope NM lag – ei positiv nyvinning?

Dagen etter var det omsider klårt for den nye storsatsinga som skal erstatte det gamle og etter kvart noko fallerte NM Monrad lag, Ope NM lag. Der NM Monrad lag var nettopp det namnet indikerer, ei rein Monrad-tevling, er Ope NM lag fyrst eit grunnspel etter Monrad-prinsippet, der dei 16 beste laga går vidare til eit sluttspel. Litt merkeleg er det etter mi meining at det ikkje er ei form for såkalla carry-over frå denne kvalifiseringa inn til sluttspelet, då ein prinsipielt bør ha ein vidare fordel av å ha

gjort det eksepsjonelt bra i grunnspelet, som trass alt er ein stor del av tevlinga totalt. Men i det minste får den beste helvta av dei kvalifiserte laga sjølv velja motstandar til åttandedelsfinalen, mellom dei åtte siste kvalifiserte. Nr. 1 vel fyrst, dinest nr. 2 og så bortetter, så nr. 8 står for så vidt att utan eit reelt “val”, med berre éin mogleg motstandar. Med dette blir også det vidare oppsettet for kvartfinale, semifinala og finale gjeve, det er inkje vidare val av motstandar. Avhengig av når ein ryk ut av lagtevlinga, går ein inn i eit gjeve stadium av Ope NM par, men dette skal vi koma attende til.

Eg ville vel kanskje tenkt at litt av føremålet med å endre opplegget rundt den store lagmeisterskapen på Festivalen, var å auke deltakinga. Slik sett kan arrangørane neppe vera heilt nøgde med at påmeldinga til årets nyvinning enda på akkurat same tal som i NM Monrad lag i fjor, 67 lag. Men utover dette, opplevde eg personleg tevlinga som ein suksess. Det same har til dømes Snorre Aalberg skrive, men vi to er kanskje ein smule inhabile, sidan vi båe faktisk hang med i tevlinga eit godt stykke. For mange andre blir det ein langt kortare affære, riktig nok ikkje kortare enn NM Monrad lag pla vera, det vil seia tri sesjonar.

No vel. Vinnarar av grunnspelet i Ope NM lag, tolv



Seks flittige medlemmer av staben under Bridgefestivalen

kampan, vart lag Stabell. Desse ringrevane skulle etter kvart koma seg heilt til finalen. Thoresen på andreplass nådde kvartfinalen, medan det andre finalelaget, King Kong, kom på tredjeplass i grunnspelet. Av laga som vart nr. 9 – 16 i grunnspelet og dimed ikkje fekk velja motstandar i åttandedelsfinalen, var det berre Komleposs og Opp og ned som kom seg vidare til kvartfinalen, dei to laga som til slutt skulle dele bronsemedaljen. Størst sigersmargin i åttandedelsfinalen hadde Thoresen og Hauge. Men i kvartfinalen måtte Thoresen bite i det sure eplet mot Opp og ned, og Hauge tapte mot King Kong med fattige 2 IMP. Komleposs heldt fram med å imponere med komfortabel siger over Høyland, medan Stabell viste skummel form ved å gruse lag ABAX. Dimed var det duka for semifinalar mellom Stabell og Komleposs, King Kong og Opp og ned. Komleposs leia etter fyrste helvta i sin kamp, men det meste butta i andre halvdel, og Stabell vann til slutt 67 – 42. I den andre semifinalen kollapsa Opp og ned fullstendig i fyrste halvrunde, og måtte konstatere at dei allereie då låg under 55-5. Dimed valde laget – noko sume meinte var ei feig avgjerd – å trekkje seg og heller ha aftanen fri før morgondagens parspeking. King Kong fekk altså ein litt for lett semifinale, og sidan eg sjølv var mellom spelarane på lag Opp og ned, vonar eg sjølvsgagt at det ikkje var denne ekstra tida til å samle krefter før siste dag, som gav lag King Kong den ekstra “edgen” dei trong for å vinne finalen.


For dei vann altså, men for ei spenning! Etter fyrste helvta leia Stabell med 9 IMP, ikkje akkurat grunnlag for å slappe av. Det gjorde dei så avgjort ikkje, men ein er likevel ikkje van med å konsentrere seg altfor hardt om overstikk og liknande småtteri i lagkampan. Men denne gongen låg djevelen i detaljane: Scoren i andre halvrunde vart nemleg 19-10 i favør King Kong – og merk at så låg IMP-score i ein kamp, gjerne er eit teikn på kvalitet – noko som gav samanlagtsscoren 40 – 40! Då var regelen for denne tevlinga at avgjerda ville gå på såkalla totalscore. Der var King Kong marginalt betre enn Stabell, og gullet var dimed deira. Gratulerer til Oslo-spearane Jonny Hansen – Fredrik Simonsen og trønderane Erik Berg – Jørn Arild King Ringseth, som ein må kunne seia hadde marginane på si side i denne tevlinga, då dei altså òg vann kvartfinalen med 2 IMP. For meg personleg verkar det feil at ein finale

i NM skal avgjerast på ein så marginal faktor som totalscore, når ein har godt høve til å arrangere fire eller åtte ekstraspel. Naturlegvis må ein i praksis forholde seg til det reglementet som er fastlagt på førehand, og no blir det vel sikkert lenge til neste gong ein får uavgjort IMP-score i finalen i Ope NM lag, men det kan jo likevel vera noko å vurdere til seinare. Gratulerer uansett også til Stabell, der brørne Leif-Erik og Tolle Stabell spela med kvarandre, på lag med Tromsøs Peter Marstrander og Rune Brendeford Anderssen. Dei vann NM Monrad lag seinast i fjor, og har nok tenkt å ha marginane på sida si igjen ved neste høve. Noko spesielt var det for så vidt òg at det ikkje vart arrangert ein bronsefinale i Ope NM lag. For min eigen del var eg sjølvsgagt glad for å kunne motta medalje utan å måtte spela meir om han, men prinsipielt verkar det feil at mitt lag, der eg hadde Berkåks Stein Bjerkset som makker og Heimdals Aksel Hornslien – Olav Arve Høyem som lagkameratar, skulle hauste bronse på å forlore semifinalen så klårt som vi gjorde, medan lag Komleposs verkeleg kjempa i sin kamp. På det laget spela John Helge Herland – John Våge frå høvesvis Stavanger og Heimdal BK, og brørne Petter og Erik Eide som høyrer heime i BK Hein 46.

Eit spel som utvandra trønder Geo Tislevoll trekte fram etter å ha fylgt finalen i Ope NM lag frå andre sida av jordkloden, New Zealand, var fylgjande vesle venleik prestert av Peter Marstrander. Delkontraktspel har ein tendens til å gå i gløymeboka, ikkje minst når den pene varianten i ein delkontrakt ikkje er nok til å berge totalscoren og sigeren, men eg er samd med Tislevoll i at Marstrandens årvakne variant her viser høg klasse.



Gullmedaljørane i Ope NM lag, på totalscore. Frå venstre Fredrik Simonsen, Erik Berg, Jørn Arild “King Kong” Ringseth og Jonny Hansen



Marstrander sat i sør og opna i tredje hand med 1 kløver. 1 spar frå Anderssen var kunstig, typisk ein 6-10-grand utan major. Aust dobbla for å syne spar, Marstrander sa 1 grand, vest 2 spar, før Anderssen avslutta meldingsforløpet med 3 kløver. Ut kom ein spar til esset og nok ein spar, og kontrakten ser ut til å vera kistebeit fordi hjarterfinessen ryk. Men Marstrander såg eit potensiale i ein farge dei fleste andre ville oversett fullstendig i dette spelet: Han stal ein spar, tok to rundar kløver og var inne i bordet, og derifrå drog han ruter *knekt!* Aust var ikkje synsk og gjorde det normale med kongen i denne posisjonen, han dekte honnør med honnør. Men no var kontrakten plutsleg ubeiteleg, for på hjarterskiftet la Marstrander berre liten frå handa, vann med kongen i bordet og spela nok ein ruter. Vest vart sitjande med skjegget i postkassa, han måtte gje hjarter opp i saks til slutt. Om spelefører i staden byrjar med liten ruter frå handa, er det langt

lettare for motparten å sjå posisjonen og syrgje for at aust er inne i tredje ruterrunde så han får spela hjarter. Eit spel ein noeregsmeister verdig, men denne gongen måtte han altså ta til takke med sylv.

Noko anna det var visse negative reaksjonar på i årets program, var at NM damepar og NM veteranpar gjekk parallelt med grunnspelet i Ope NM lag. Det kunne sjølvstøtt setja nokre damespelarar og veteranar i eit dilemma, og same kva dei måtte koma til å velja, innebar det jo ein reduksjon i deltakinga i den tevlinga dei ikkje valde. Kanskje var ikkje utslaga eigentleg så store her, kanskje var det ikkje veldig mange damer og veteranar i det tidlegare NM Monrad lag heller, det er vanskeleg å vita.

Sikkert er det at det i år var 52 par i NM damepar, mot 44 i fjor, så det tyder jo på at kollisjonen med årets Ope NM lag ikkje hadde stort å seia. Fjorårsvinnarane Maja Rom Anjer – Pernille Lindaas frå høvesvis TopBridge BC og Fløde BK klaska til med 71,1 % på siste sesjon, og vann dimed så vidt det var, framfor Åse Langeland – Kristine Breivik frå høvesvis Gann BK og Bergen Akademiske, paret som hadde leia det aller meste av tevlinga. Altså vart det nok eit sylv til Langeland, som tok den same medaljen i NM mix par. Bronsen, eit godt stykke bak, gjekk til Liv Marit Grude og Bodil Nyheim Øigarden frå Studentenes BK.

Også i NM veteranpar var det ein viss oppgang, 80 par i år mot 77 i fjor. Sylvmedaljørane frå i fjor tok eit komfortabelt gull i år, det var brørne

Peter Marstrander



Maja Rom Anjer og Pernille Lindaas spurta til gull i NM damepar



Brørne Roald og
Helge Mæsel vann
NM veteranpar.
Her er Helge

Helge og Roald Mæsel frå Kristiansands BK. Vår nye president Jostein Sørvoll, som representerer TopBridge BC, kapra sylvmedaljen i tospann med Erik Bølviken frå Bridge for alle, medan Arvid Hilstad – Pål Harreschou frå Asker BK fekk bronse.

Ope NM par – eit antiklimaks?

Då NM damepar, NM veteranpar og grunnspelet i Ope NM lag var ferdig, byrja den andre store nyvinninga på denne festivalen, Ope NM par. Fyrste steg i dette forholdsvis kompliserte oppsettet, var ein sesjon kvalifisering frå torsdag morgon av. Denne samla 59 par på startstreken, og kringom halvparten av desse gjekk til det såkalla A2 mellomheat torsdag ettermiddag. Det gjorde òg plassane 9 – 16 i Grand Prix som har pågått gjennom heile sesongen, og kvartfinalistar frå Ope NM lag. Dei som ikkje nådde A2, spela mellomheatet B2. Dei seks beste i A2 vart no kvalifiserte rett til A-finalen og fekk fri fredag formiddag, samstundes som semifinalen pågjekk i to puljer kalla A3 og B3. I A3 fann vi 40 par, åtte som fekk koma inn att i varmen frå B2, inntil åtte par frå semifinalane i Ope NM lag, plassane 1 – 8 frå Grand Prix og kringom halvparten av para frå A2. Alle andre måtte spela B3, der 25 par deltok. Når så denne sesjonen var over, var omsider A-finalefeltet klårt: Der skulle 32 par delta, seks av dei frå B3, altså B-semifinalen, inntil åtte frå finalen i Ope NM lag, dei resterande frå A3, altså A-semifinalen. Det var nok ikkje heilt riktig at relativt sett så mange frå B-semifinalen skulle koma inn i A-finalen, det gjorde at det nesten vart lettare å kvalifisere seg derifrå enn frå A-semifinalen, og slik bør det nok ikkje vera. Men det var vanskeleg for arrangørane å vita på førehand korleis tala ville bli sjåande ut til slutt; påmeldinga måtte naturleg nok vera open i




Harald Eide og Kristian B. Ellingsen vann IMP's Across the Field

det lengste. Jamvel undervegs i tevlinga kunne nye spelarar gjerne melde seg på, men dei ville sjølvsagt då gå inn i B.

Parallelt med fyrste kvalifiseringsrunde og mellomheat A og B i Ope NM par, gjekk tevlinga IMP's Across the Field av stabelen. Ho samla 69 par i år mot 89 i fjor. Vinnarar vart juniorparet Kristian B. Ellingsen – Harald Eide, framfor Oslo-paret Trond Hantveit – Sam Inge Høyland og eit anna par frå hovudstaden, Anders Fodstad – Are Aarebrot. Merk at dei to beste para i denne tevlinga kunne gå rett inn i andre dag av Ope NM par, då dei var førehandskvalifiserte dit frå Grand Prix.

Prisen for beste spel på Festivalen gjekk denne gongen til Geir Brekka, ein fargerik spelar som er kjent for briljante variantar, og som saktens har vunne slike prisar tidlegare. Snorre Aalberg skreiv om spelet på bloggen sin, under tittelen "Tosidig skvis av Kaninen", og han fekk dimed journalistprisen. Spelet skriv seg frå A-semifinalen i NM par. Vi overlèt ordet til Aalberg.

| | | |
|--------|--|-------|
| | ♠106 | |
| | ♥10874 | |
| | ♦Q1087 | |
| | ♣652 | |
| ♠KJ984 |  | ♠Q73 |
| ♥AK3 | | ♥92 |
| ♦32 | | ♦AKJ6 |
| ♣A107 | | ♣K984 |
| | ♠A52 | |
| | ♥QJ65 | |
| | ♦954 | |
| | ♣QJ3 | |

| | |
|--------|---------|
| Vest | Øst |
| Brekka | Høiland |
| | 1 ♣ |
| 1 ♥ 1) | 1 ♠ |
| 2 ♦ 2) | 3 ♦ |
| 3 NT | pass |


- 1) Spar
- 2) Kunstig utgangskrav



“Geir visste at makker hadde 3-2-4-4-fordeling og 13-16 honnørpoeng. De bruker 8-12-grand i åpning i disse soneforholdene. Da hadde de 28-30 honnørpoeng til sammen, og det er mer attraktivt å spille grand på 5-3 i major dess sterkere hendene er. Denne gangen ser Geir at er hjerter kan stjeles på den korte hånda i spar, men makker kan jo ha damen eller knekt, ti sånn at det ikke er bruk for stjelingen? Derfor 3 grand, og ruter åtte kommer ut.

Geir så at i 4 spar er det mange sjanser til tolv stikk. Hjerteren kan stjeles og ruterer kan enten kappes på knekten eller knekten kan stjeles god. I tillegg kan det være en skvis i minor. Derfor så han at han nok måtte ha tolv stikk for å få et godt spill. Oppsida var at 3 grand med tolv stikk sannsynligvis ville være en *svært* god score.

Geir stakk med ruteresset og presset ut spareset. Syd vant andre gang og spilte hjerter til esset. Tre ganger spar, og nord kaster to kløver og en hjerter, syd kaster en hjerter og en ruter. Så kløver til kongen og kløver til esset. Stillingen er som under.



Du ser at nord allerede har måtte kaste hjerterholdet sitt for å holde tre ruter. Inne på hånda spilte Geir ruter til knekten, men på ruterkongen var det syd som måtte kaste inn håndkleet.”



Laurdag ettermiddag, då to sesjonar A-finale og B-finale var over, stod Petter Tøndel – Odin Svendsen, eit par frå landslagstroppen, att som vinnarar av Ope NM par. På andre plass fylgde Jonny Hansen – Steffen Fredrik Simonsen, to av vinnarane av Ope NM lag, og på tredje Jan Tore Berg – Finn Brandsnes. I den 24 par store B-finalen gjekk Håvard Moe – Per Helge Hansen frå Sandnessjøen BK sigrande ut, Rolf Sjødal – Yngvar Lepperød frå Nesodden kom på andre plass, medan Geir Egil Bergheim – Odd Frydenberg frå høvesvis BK Sølvknekt og Holmestrand BK delte tredje plassen med Gjermund Rekstad – Lars Arthur Johansen frå TopBridge BC og Studentenes BK. Dei fortener naturlegvis gratulasjonar. Dinest må ein spørja seg om denne nye tevlinga – ei erstatning for den gamle Parfinalen som no er flytt ut av festivalveka og redusert i storleik – vart den suksessen ein vona.

Som ein som vitterleg kvalifiserte seg til A-finalen og såleis var med på tevlinga til siste slutt, kan eg vel ikkje seia at eg akkurat er overtydd om dét. Eg veit ikkje kva ambisjonane på førehand var, men 59 par på startstreken i fyrste kvalifiseringsrunde høyrer litt lite ut, jamvel om ein del fleire par kom til frå Grand Prix og frå dei forskjellige stadia i Ope NM lag. Eg har ikkje klare tal på kor mange som melde seg på undervegs og gjekk inn i B-seksjonen, men eg mistenkjer at det ikkje kan ha vore veldig mange,



Geir Brekka, til høgre på biletet, vann prisen for beste spel på Festivalen. Her flankert av Knut Kjærnsrød, leiar i Norsk Bridgepresse

i denne tevlinga, før neste festival. Det er det nok heilt sikkert også planar om.

Ingen vanleg festival i 2015

Utover dette er det for så vidt ikkje så mykje vits i å diskutere her korleis opplegget bør bli "til neste år" for 2015 blir eit bridgeår utanom det vanlege. Vi får ingen tradisjonell bridgefestival, ei fornuftig avgjerd av Forbundet for å sikre at folk i staden bruker ferietida si på det som blir det største høgdepunktet innan bridgen i Noreg på lang, lang tid, Ope EM i Tromsø. Det vil etter alt å døme bli arrangert diverse nasjonale tevlingar i Tromsø i samband med EM, men opplegget er ikkje spikra enno, og for min eigen del vonar og trur eg at slikt som NM mix par og lag blir mindre viktige for folk enn EM mix par og lag.

Men om to år er vi venteleg attende i det meir vante gjenget att, og det skal bli svært interessant å sjå korleis arrangørane legg opp Bridgefestivalen då, anten han no skal vera i Fredrikstad eller ein annan stad. Det nye opplegget i år var positivt på mange måtar, men det er ingen tvil om at det framleis finst eit stort forbedringspotensiale, rom for å finslupe sjølve tevlingsformata og sikre større deltaking. Festivalgeneral Inger Hjellemarken har allereie annonsert at ho er svært interessert i å høyre folks synspunkt på korleis programmet vidare bør leggjast opp, og det er berre å vone at folk tek den oppmodinga på alvor. Det er ingen grunn til at alle avgjerdene kring eit arrangement av slik popularitet som Bridgefestivalen, skal bli tekne i eit vakuum av nokre få høgtstående personar. Fleirtalet bør få avgjera, men diverre er det vanskeleg å vita kva fleirtalet vil, når dei som utgjer det stort sett alltid teier stille.



Som vanleg lite å utsetja på festivalgeneral Hjellemarkens arbeid



Petter Tøndel og Odin Svendsen vann Ope NM par

når berre 24 par deltok i finalen der. Etter som påmeldinga var open heile vegen, slik at ein kunne gå rett inn i B-finalen og til og med få spela denne til halv pris, hadde nok arrangørane ei von om at dette lågterskeltilbodet ville trekkje fleire folk. Men eg trur vel at det problemet som råka B-finalen, var nært i slekt med det eg tykte eg observerte i A-finalen, og som eg høyrde kommentert av mange: Ei dryg veke med festival er rett og slett i overkant lenge. Eg kan naturlegvis ikkje snakke på vegner av alle, men det var mitt inntrykk at motivasjonen svikta for mange jamvel i A-finalen, som jo var meint å bli ei prestisjetevling på line med den gamle Parfinalen. Eg observerte ei urovekkjande mengd apatisk og likesæl bridge jamvel frå spelarar som normalt konsentrerer seg ganske hardt (meg sjølv inkludert), og det kom delvis til syne på resultatlista, der ingen eigentleg scora noko serleg, og det høgst moderate sluttresultat 54,7 % var nok til å få medalje. Det hjelpte ikkje akkurat på at alle andre på dette tidspunktet hadde reist heim, eller iallfall ikkje var i spelelokalet og bakspela: Heile A-finalen likna meir på ei sidetevling enn den prestisjetevlinga han var meint å vera. For så vidt kan det vera lett for at den siste tevlinga på Festivalen blir eit slikt antiklimaks uansett, rett og slett fordi folk byrjar få nok og helst vil dra heim. Før var det NM Monrad lag som kom til slutt og leid litt under dette problemet, og det var delvis for å gje lagtevlinga høgare prestisje at ein la om programmet. Men slik eg ser det, vart det no Ope NM par som i staden hamna i den same uheldige situasjonen. Kanskje vil den tevlinga som kjem til slutt, alltid stå i fare for å bli ramma av ein slik svikt. Men det er naturlegvis uheldig at det råkar akkurat Ope NM par, like uheldig som at det tidlegare råka NM Monrad lag, når målet altså er å skapa ei prestisjetevling. Med andre ord trur eg at visse justeringar må gjerast, kanskje framfor alt



Juniorleiren 2014

Ny deltakerrekord – i år igjen!

Tekst: Aksel Hornslien / Foto: Trond Høines

Under en frokost på Juniorleiren i Fredrikstad for noen år siden, var det bare elleve deltakere til stede, og man mintes med vemod leiren i Trondheim i 2004 da 28 unge bridgespillere var med. En liten diskusjon om hva som skulle til for å nå nye høyder, førte til at Svein Ingar Sæther utbasunerte følgende: “Får vi ny deltakerrekord i 2013, skal jeg sykle til Fredrikstad!”

Det fikk man! Leiren i fjor ble en heidundrende suksess, men dessverre førte en liten ulykke – nettopp på sykkel – til at Svein Ingar ikke kunne

sykle nedover dette året. Imidlertid fikk han en ny og enda bedre anledning i år, da Juniorleiren sannelig satte deltakerrekord på nytt! Sykkelturen, helt fra Sæthers hjem på Kvål i Sør-Trøndelag, ble gjennomført med brask og bram. Alle de som møtte Svein Ingar under Juniorleiren eller videre under Bridgefestivalen i Fredrikstad, kan nok bekrefte at han så ut til å være ved god helse, ikke nevneverdig medtatt, like blid som alltid før. En sann atlet!

Juniorleiren var på samme sted i år som i fjor,



Det er ingen overraskelse, for leiren byr fra start til slutt utelukkende på morsomme opplevelser. Selvsagt er det mye bridge; som vanlig ble det arrangert både singelturnering, partturnering, IMP-turnering, lagturnering og det helt spesielle spillet hinderbridge – dette foruten all bridgen som spilles helt uoppfordret innimellom turneringene, gjerne til langt på natt. 20 forskjellige spillere fikk æren av å klatre opp på pallen i løpet av uken. Men man spiller også andre kortspill, som casino og idiot, og Svein Ingar kan fortelle at det støyende spillet mafia, som han trodde var borte fra leiren for alltid, også ble trukket frem fra glemselen. Det var den dyktige junioren Christian Bakke som lærte det bort til den enda yngre garden, så nå er dets overlevelse sikret for lang tid. Til de som måtte bekymre seg for at det kan bli for mye stillesitting med all denne kortspillingen, kan det opplyses at fotball og volleyball også er populære aktiviteter underveis. På onsdagen ble det dessuten arrangert en utflukt for alle interesserte til Friluftsbadet.

Cicignon skole i Fredrikstad, i uken før Bridgefestivalen. Mens man i fjor samlet 47 deltakere, var tallet i år 55. 16 av disse holdt fortrinnsvis til oppe i tredje etasje, der Sven-Olai Høyland holdt sitt nybegynnerkurs. Juniorleiren er for alle under 25 år som måtte ønske å delta, og hele aldersspekteret var som vanlig representert, men felles for dem alle var at de så ut til å storkose seg.

Staben av voksne på leiren var i all hovedsak den samme som foregående år. Foruten nevnte Svein Ingar Sæther, som dublerer kort og leder alle turneringene, og Sven-Olai Høyland som holder nybegynnerkurset og også er instruktør for andre deltakere underveis, må nevnes Olav Lillebuen, Sølvi Flo og Anne Marit Borg. Ellers var som vanlig flere foreldre innom i løpet av uken, og tok i et tak der det var nødvendig. Men én person skal selvsagt ha mer ære enn noen annen for at Juniorleiren hvert år kommer i stand og blir en slik suksess, det er Lars Eide. Han er selve sjefen, som imidlertid må bruke mye av tiden sin under leiren på å kokkelere for de stadig fleire deltakerne. Det blir saktens satt pris på! Hans utrettelige innsats gjennom mange, mange år for norske juniorers ve og vel, fortjener all den suksessen den nå blir belønnet med.

Det er i skrivende stund litt tidlig å si hvordan det blir med juniorleir til neste år, når den tradisjonelle Bridgefestivalen utgår til fordel for Åpent EM i Tromsø. Men i etterkant av dette store arrangementet følger også Ungdoms-EM i Tromsø, og i den sammenhengen vil det bli arrangert en internasjonal juniorleir. Mer informasjon kommer, så følg med!



Sven-Olai Høyland er Årets bridgeidsjel 2014

Høyland mottok prisen av vår nye president Jostein Sørvoll under Bridgefestivalen i Fredrikstad. Det er en velfortjent æresbevisning til en viktig foregangsmann innen bridgen i Norge. Ikke minst er det et signal om at rekruttering til bridgen er og må bli værende vårt hovedfokus fremover.



Sven-Olai Høyland

Prisen er opprettet av NBF for å sette fokus på all den dugnadsinnsatsen som blir lagt ned rundt omkring i klubbene, og skal gå til en person som har gjort et særlig godt og aktivt arbeid for bridgens ve og vel. Alle kan nominere kandidater, men blant alle de foreslåtte vil juryen, som i år bestod av Jan Aasen, Kari-Anne Opsal og Per Bryde Sundseth, plukke ut mellom tre og sju finalister. Disse blir presentert på hjemmesiden til NBF, og alle medlemmer i NBF kan deretter avgi hver sin stemme.

Tor Bakke, som i likhet med Sven-Olai Høyland tilhører Bergen Akademiske bridgeklubb, skriver følgende i sin innstilling av Sven-Olai Høyland til prisen:

“Sven-Olai trenger vel ikke en nærmere presentasjon, da han er kjent for hele bridge-Norge. Han har viet sitt liv til bridgen og har hatt en rekke verv både for klubb, krets og forbund. Sven-Olai har holdt utallige kurs både for nybegynnere, viderekommende og landslagsspillere. Gjennom mange år har han stått for rekruttering av nye spillere i Bergen. Han stiller opp for nybegynnerne, og spiller meget tålmodig sammen med dem på klubbkvelder. Han har vært leder for ulike landslagsgrupper i klassene jenter/damer og juniorer; i skrivende stund gjør han en stor innsats for det

norske jentelaget. Sven-Olai er også en fremragende bridgespiller med mange NM-titler, han er nordisk mester, og ikke minst er han en meget sympatisk og hyggelig spiller å møte ved bordet.”

Disse velvalgte ordene er det mange flere enn oss i Norsk Bridge som helhjertet kan slutte seg til, noe avstemningen da også viste med tydelighet: Med 63 % av stemmene, er det ingen tvil om at Sven-Olai er en populær og meget verdig vinner. Vi gratulerer!

I takketalen sin i Fredrikstad minnet Høyland om ansvaret som vi alle har for rekruttering, gjennom å lære barn og barnebarn bridge. Han sa videre at han forstår godt at ikke alle kan bruke mye tid på bridgen, men oppfordret alle til å gjøre tre enkle, men veldig viktige grep:

1. Snakke varmt om bridge til venner og bekjente.
2. Videreformidle informasjon om kurs til alle interesserte.
3. Få barn og barnebarn med på den årlige Juniorleiren.

Viss vi alle tar Høyland på ordet, vil det garantert utgjøre en stor forskjell for bridgen i Norge!

SERIEMESTERSKAPET 2015

Spiller du på et lag i Seriemesterskapet?

Alle kan stille med sitt eget lag i en 4. divisjonspulje ikke langt unna sitt bosted. 4. divisjon spilles over to helger; 15. – 16. november 2014 og 31. januar – 1. februar 2015. Spør makker og hyggelige lagkamerater og bli med da vel!

Kretsene skal melde sine lag til NBF innen 1. oktober 2014. Lagene bør derfor melde seg på til kretsene innen **25. september**. For lag i 1.-3. divisjon som ikke er komplette (minst tre spillere tilbake) er det viktig å informere kretsen på et tidlig tidspunkt, slik at kretsstyret får tid til å avgjøre hva som skal skje med de(n) ledige plassen(e).

I 4. divisjon er det fri påmelding, og kretsene har ofte egen påmelding via fanen "Turneringsoversikt" på hjemmesiden til NBF. Puljene arrangeres lokalt, med økende reiseavstander oppover i divisjonene. Lagene i 1. – 3. divisjon består av 4-6 spillere, i 4. divisjon er det ingen begrensning.

Spilledatoer 2014:

| | |
|------------------------------|-------------------------|
| 1. spillehelg 1.-2. divisjon | 7. - 9. nov. 2014 |
| 1. spillehelg 3.-4. divisjon | 15. - 16. nov. 2014 |
| 2. spillehelg 3.-4. divisjon | 31. jan. - 1. feb. 2015 |
| 2. spillehelg 1.-2. divisjon | 7. - 8. feb. 2015 |

Alle spillerne på et lag må være medlem i 2015 av en klubb i kretsen de representerer. Spillere som skal spille på et lag i en krets de ikke er medlem av fra før, må melde seg inn i en klubb i kretsen innen 31. desember 2014, men fortrinnsvis før første spillehelg.

Det er krav om årslisens i 1.-2. divisjon. Betal inn årslisensen (til hovedklubben) sammen med medlemskontingenten. Årslisensen er på kr. 500 for standardmedlemmer, mens juniorer og I-medlemmer er fritatt fra lisens. Spillere født i 1990 eller senere er junior i 2015.

Startkontingentene er:

| | |
|--------------|--------------------------------|
| 1. divisjon: | kr. 750,- pr. spiller pr. helg |
| 2. divisjon: | kr. 600,- pr. spiller pr. helg |
| 3. divisjon: | kr. 450,- pr. spiller pr. helg |
| 4. divisjon: | kr. 2.400,- pr. lag |


Juniorer betaler halv pris.

Startkontingenten betales inn til kretsen innen 25. september 2014.



JUNE 27TH - JULY 11TH


THE ARCTIC BRIDGE EXPERIENCE



TROMSØ
2015

EUROPEAN
OPEN & YOUTH
BRIDGE
CHAMPIONSHIPS

www.tromso2015.no




Kragere-cupen – for 60. gang!

Kragere-cupen er etter alt å dømme Norges eldste ennå godtgående bridgeturning. Da den ble arrangert i år, som vanlig siste helg i august, var det for 60. gang! 39 par var med i år, storparten fra Østlandet og Sørlandet, men også en del tilreisende blant annet fra Trøndelag, folk som tydeligvis liker den hyggelige turneringen i vakre og sommerlige Kragere.

Av Stig Johansson

Kai Jørstad og Olav Ellestad tok ledelsen tidlig lørdag, og den gav de aldri fra seg. På andre plass, ikke langt unna vinnerparet til slutt, kom Didrik Ueland og Odd Roger Nielsen, mens Petter H. Lindqvist og Per Egil Westin inntok tredjeplassen. Her er et spill utført av tidligere juniorlandslagsspiller Ellestad.

| | | |
|--------|---|---------|
| | ♠A2 | |
| | ♥9754 | |
| | ♦Q872 | |
| | ♣AJ4 | |
| ♠K954 |  | ♠J83 |
| ♥A | | ♥QJ1063 |
| ♦J1063 | | ♦95 |
| ♣10975 | | ♣Q63 |
| | ♠Q1076 | |
| | ♥K82 | |
| | ♦AK4 | |
| | ♣K82 | |

Olav satt i sør og var kommet i 3 grand uten meldinger fra motparten, der han fikk ruter knekt ut til esset. Den fargen det virket mulig å få bygget stikk i, var hjerter. Sitter esset foran får man uansett for kongen etter hvert, så Olav begynte med en liten hjerter fra hånden. Sannelig kom esset på! Når vest nå var hjelpsom nok til å skifte en spar, ble jo dette riktig så komfortabelt for Olav, som til slutt kunne spille inn øst i hjerter for å få kløver opp i gaffelen. 3 grand med hjemgang var verd 13 av 18 mulige plusspoeng. Men det skal sies at Petter Lindqvist og Per Egil Westin noterte enda noen flere plusspoeng på spillet, da de fikk ti stikk i samme kontrakt!

Nettopp Petter H. Lindqvist har fortalt om et spill han ble mektig imponert over, prestert av den ikkje ukjente Jonny Hansen.



Vinnere av årets Kragere-cup Olav Ellestad og Kai Jørstad, med Kais svigerdatter Vicky Chediak i midten

♠A52
♥AQ764
♦95
♣AJ4

♠KJ83
♥K85
♦10843
♣74



♠9764
♥J1093
♦J
♣Q1065

♠Q10
♥2
♦AKQ762
♣K983

Lindqvist innrømmer at han mang en gang har gått slukøret og med lite poeng fra bordet etter en runde mot Hansen, som jevnt over melder og spiller glimrende. I dette tilfellet åpnet Hansens makker Anne Birgitte Fossum i 1 grand, hvoretter Hansen

ble plassert i den harde, men sjanserike kontrakten 6 ruter. Lindqvist valgte kløver sju ut, ut som gikk til tieren og kongen. Tre store trumfer fulgte, som gav Hansen dårlige nyheter om sitsen der, og dermed måtte det jobbes litt her. Utspillet tydet på at kløver dame satt bak knekten, så heller enn å prøve en finesse i den sorten, tok Hansen hjerterkuttet. Som en konsekvens av den tankegangen kastet han kløver på hjerter ess, og spilte deretter en hjerter til stjeling. Nå gikk han inn i bordet på kløver ess og spilte nok en hjerter til stjeling, og hva skulle Lindqvist gjøre? Trumfer han over må han straks spille spar opp i den kombinerte saksen, gjør han det ikke blir han uansett satt inn i trumf i neste stikk, for samme elendige posisjon. En godspilt hjerterfille ligger jo i bordet som et tolvte stikk. 920 var det bare trønderne Håkon Kippe og Rogeir Paulsen som kopierte, en velfortjent delt topp!

Med dette takker vi for laget for i år, og ønsker alle velkommen tilbake til Kragørøcupen neste år – da for 61. gang!



Petter H. Lindqvist, fast deltaker i Kragørøcupen



Jonny "Ivrig" Hansen

FOSS-turneringene fortsatt populære!

Av Tore Farbrot / Foto: Torfinn Wilhelmsen/Finn Leiang

Deltakelse i Fredrikstad og Sarpsborg Storturneringer første weekend i september, er nå blitt en tradisjon for mange. I år var det på ny sterke felt, 45 par på lørdag 6. og 41 par på søndag 7. september, minst like bra som andre større turneringer arrangert i tiden etter Bridgefestivalen. Likevel, for fire-fem år siden lå deltakelsen på godt over 50 par, men da var tre av Norges relativt ferske VM-mestre på plass, noe som selvsagt trakk opp.

I år var også nybakte verdensmestre på plass: Kristian Ellingsen, Mats Eide og Lars Artur Johansen fra storsuksessen i Ungdoms-VM i Istanbul deltok. Det ble markert med applaus ved spillestart, og Kristian viste også i FOSS-turneringene svært god bridge med andreplass lørdag, seier søndag og overlegen seier sammenlagt på de to dagene. Riktig nok var Terje Lie som dyktig makker til god hjelp, men noen feil av betydning så vi ikke fra BBO- bordet der Ellingsen – Lie hyppig satt på lørdag, enda hyppigere på søndag.

Ved åpningen med velkomstord ble også våre få, men viktige sponsorer behørlig takket for sine bidrag. Dette var Fredrikstad Blad, Cowi A/S, Lislrud A/S

og Felleskjøpet A/S. I tillegg hadde Europris A/S i år forært gaver som ble brukt som spurtpræmier, noe spillerne satte stor pris på. Pengepremiering, med selvstendige premierekker lørdag og søndag og bonuspremier til beste to par som deltok begge dagene, kommer vi til å fortsette med. Dette opplegget passer selvsagt godt for de som bare kan spille en av dagene.

Arrangøren takker de trofaste spillerne som kommer hvert år, alle nye er selvsagt også velkomne. Svenske par fikk vi dessverre ikke med i år, men flere polske deltakere var på plass som internasjonalt innslag, og alle er like velkomne tilbake neste år.

Jan P. Johannesen var dyktig og bestemt turneringsleder, og fikk få vanskelige avgjørelser å ta. BBO-sendingene fra lederbordet ble også gjennomført relativt smertefritt, og da det i tillegg var løpende resultatservice på internett, kunne man hjemmefra følge turneringene nært, om man ikke selv hadde anledning til å delta.

Så kort om de dominerende parene, resultatlister kan man jo studere selv. Her må igjen fremheves Terje Lie og Kristian Ellingsen, sammenlagtvinnerne. På lørdag var for øvrig Joakim Johansen – Arild Simensen fra Fredrikstad BK i solid drag på slutten, og dro ifra til flott seier. De kunne ikke stille søndagen og gikk nok glipp av fin plassering i sammendraget. På søndag endte Unn Elisabeth Lynum – Sten Anfeldt Nilsen på en gledelig sterk andreplass, mens bronseplassene de to dagene gikk til Sigurd Evjen – Vidar Smith og Jan Synnestvedt – Kjell Johnny Aspen. Ellers fikk også andre sterke par fine plasseringer, blant annet femteplasser til Tom Gjøs – Lars Helgesen og Sverre Johnsen – Åsmund Stokkeland. De siste er fra



Turneringsleder Jan. P. Johannesen deler ut førstepremiene til Kristian Ellingsen og Terje Lie



Mats Eide fikk juniorpremien

arrangørklubbene, som ellers har hatt for vane å la flest premier gå til gjestende par! Siv Thoresen – Allan Livgård fikk andreplass sammenlagt i kamp med blant andre Olav Hjerkin – Arne Almendingen – det måtte forstørret målfoto til for å skille dem! Mats Eide fikk premie som beste juniorspiller, dette da med unntak av Ellingsen.

Til slutt noen eksempler fra spillets utfordringer. Lørdag var det mange nokså udramatiske spill, men her er et par med ekstra snert, både på godt og vondt. Tom Gjøs viser til følgende fra lørdag, der det ble storscore etter en utspillsdirigerende innmelding av rådyrt merke.

| | |
|---------|--------|
| ♠AQ108 | ♠763 |
| ♥K | ♥AJ953 |
| ♦AQ8654 | ♦J3 |
| ♣74 | ♣1032 |

♠KJ42

♥742

♦1092

♣QJ9

♠95

♥Q1086

♦K7

♣AK865

Sør åpnet med 1 kløver, beste minor, og nord svarte 1 ruter. Øst la inn en "utspillsdirigerende" 1 hjerter. Det gikk så pass fra sør og vest og oppdobling fra nord, som viser kort hjerter og godt tillegg. Med sine fine hjertere passet sør ut. Det var Lars Helgesen i sør og Tom Gjøs i nord som her møtte Arne Almendingen i vest og Olav Hjerkin øst, og det skulle vise seg at Olavs aksjon ble en kostbar affære!

Kløver ess og konge kom ut, og nord la styrke. Dermed spilte sør kløver til stjeling med nord sin single trumf konge, en super start på motspillet. Ruter ess og ny ruter til kongen hos Lars fulgte. Så kom spar ni til knekt, dame og liten, og Tom kunne spille ruter dame, stjålet i øst og overstjålet av Lars i sør. Ny spar dro kongen og esset, og nord kunne også ta for spar ti, før spar åtte gikk til nok en stjeling med overstjeling av sør. Lars kunne nå fri seg i kløver, og med tre kort igjen bare vente på at spillefører måtte avgi enda et stikk. Bare to stikk til Hjerkin, 1100 ut! Almendingen i vest måtte bare beklage at sju honnørpoeng og trekorts støtte alt var fullstendig bortkastet. Det skal sies at nord – sør med den gunstig sitsen vinner 6 grand, men 1100 er jo enda mer enn 990. Det er bare å satse på mindre utur i neste spill, Olav!

I følgende spill fra lørdag, fikk Terje Lie – Kristian Ellingsen mange poeng på gode meldinger. Igjen var Lars Helgesen – Tom Gjøs motspillere.

| | |
|---------|--------|
| ♠Q652 | ♠A109 |
| ♥J10942 | ♥K85 |
| ♦Q9 | ♦87653 |
| ♣A10 | ♣75 |

♠KJ8743

♥Q7

♦4

♣QJ63

♠-

♥A63

♦AKJ102

♣K9842


| Nord | Øst | Syd | Vest |
|-------|------|----------|------|
| Terje | Tom | Kristian | Lars |
| pass | pass | 1♦ | 2♠ |
| x | pass | 3♣ | pass |
| 3♦ | pass | 3♥ | pass |
| 4♥ | pass | pass | pass |

Åpningen viste minst firekortsfarge, innhoppet var svakt med sekskortsfarge, og doblingen var negativ og lovet minst fire hjerter. Tom burde nok forstyrret motparten med løft til 3 spar, for det stjeler enda

mer melderom. I andre melderunde hadde Ellingsen er problem: Spillestyrken er god, renons i spar er fordelaktig og sekundærstøtten i hjerter også fin, men trekorts hjerter er litt for lite til direkte støtte. 3 kløver viste minst 5-4 i minor, og med bare ni honnørpoeng prefererte Lie til ruter – akkurat det Ellingsen hadde håpet på! For nå kunne han vise frem trekorts støtte i hjerter. Da nord hadde femkorts hjerterfarge og maksimum, var løft til utgang naturlig. Ruter fire kom ut og nieren beholdt stikket. Hjerter knekt løp så til damen, og nå kom spar til nieren som presset sør til stjeling. Det var ikke mange andre alternativer enn å ta for hjerter ess og presse på med ruter, og heldigvis måtte øst bare følge og følge! Alt han fikk for var hjerter konge. Elleve stikk ga delt nesttopp. Direkte press med spar ut hadde nok komplisert spillet mer. Lødding – Didriksen fikk toppen på spillet, med hele tolv stikk av nord i 4 hjerter.

Søndag var det mange krevende spill. Vi tar med to, først ett med Siv Thoresen i hovedrollen. Det er ikke mange spill der Siv Thoresen ikke oppnår maksimal uttelling. Men det er jo drøssevis av valgmuligheter og ting å passe på i løpet av en turnering, og det må forekomme at noe blir uheldig.

♠ J72
♥ AQJ62
♦ K5
♣ AK5



♠ AKQ1043
♥ 4
♦ AJ107
♣ J4

Thoresen åpnet med 1 hjerter og Allan Livgård svarte rolig 1 spar. Da vest gjenmeldte 2 grand, 18-19 og balansert hånd, kom en kunstig 3 kløver. Thoresen svarte 3 spar, hvorpå Livgård benektet kløverkontroll med 4 ruter og Thoresen sa 4 hjerter. 4 grand spurte etter ess, svaret 5 hjerter bekreftet to ess, og på 5



grand viste 6 kløver kongen i sorten. 6 hjerter fra Allan var invitt til storeslem, og Thoresen avsluttet med 7 grand! Fem par var i samme kontrakt, sju par i 7 spar og resten i lilleslem, de fleste i 6 grand. Erik Solberg i nord spilte ut kløver ni, og kløver knekt fra bordet stakk sør med damen og Thoresen med esset. 7 spar ville nok vært en enklere kontrakt, her måtte en hel del ordne seg. Første steg ble det å ta ruterfinessen; kongen og liten til knekten gikk bra. Men på ruter ess var sør utsolgt og saket liten spar. Hvordan ville du spilt videre? Enkel finesse i hjerter kan gå bra, men holder nord også hjerter konge er






Til slutt et spill der sammenlagtvinnerne Ellingsen – Lie bare delte toppen med Kai og Ronny Jørstad. Igjen var Solberg – Livgård inne i bildet:

♠AQ872
♥J5432
♦J8
♣6

♠K1094
♥K
♦KQ5
♣108742



♠5
♥AQ109
♦43
♣KQJ953

♠J63
♥876
♦A109762
♣A

det skvis mot ham, og hvis sør har holdet i kløver samt hjerter konge vil det ende med en show-up-skvis. Thoresen valgte bort direkte finesse i hjerter. Hun saket spar på ruter ess, gikk inn på spar knekt og fortsatte med kløver konge som alle fulgte på, og så kom spar i vinden, der nord fra start hadde singleton og sør tre kort. Henrik Livgård i sør saket liten kløver og to små hjerter, og Solberg saket to små ruter, to hjerter og en liten kløver. Ingen avslørende pauser imot, og på hjerter fire i tolvte stikk la Livgård tieren. Hva ville du gjort? Toppe eller fiske, that's the question; Siv endte opp med to bet fordi hun fisket og Solberg kunne forsyne seg med hjerter konge og ruter dame. Ville du spilte på samme måte i sluttfasen? Siv visste etterpå selv hva fasit var: Kløver ni ut benekter tieren, altså må sør sitte igjen med det kortet, og følgelig har nord hjerter konge når sør legger hjerter ti i tolvte stikk. Unge Livgård burde gjort valget vanskeligere ved å sakte kløver ti i håp om at makker har återten igjen. Etter som sør hadde ni, åtte tredje i spar og bare to ruter, vinnes 7 spar enten på den skvisen vi her skisserte, eller ved å røffe ut hjerter konge bak ess, dame, knekt. Fem par gikk bet, seks par vant storeslemmer, fem av dem 7 spar. Kjell Johnny Aspen var alene om å vinne 7 grand.

Solberg i øst åpnet 1 kløver. Ellingsen gikk innpå med 1 ruter, og Livgård i vest svarte 1 spar. Terje Lie måtte nesten passe, og da Solberg gjenmeldte 2 kløver, gikk Livgård direkte i 3 grand. Utspillet var ruter knekt, hvorpå Ellingsen gikk i tenkeboks og vurderte mulighetene. Fasit ble å stikke opp med ruter ess, og da vest ikke måtte på med honnør ga sør opp sin egen farge og skiftet spar. Toeren, som var invitt, gikk til nieren og damen, og Lie fortsatte med ny spar til knekten som Livgård måtte stikke. Men da kløver opp igjen ble vunnet med singel ess i sør, kom en ny spar igjennom tieren for to bet. Elegant motspill!



BLI MED PÅ SIMULTANTURNERING

Hver uke
– hele
sesongen!



Har din klubb prøvd å delta på simultanturnering?

Alle klubber tilsluttet NBF kan delta på simultanturneringer, og det koster bare 10,- ekstra per spiller. Resultatene blir da sammenlignet med resten av landet. Årets beste spiller vinner en tur til Tromsø med makker, og det deles ut EM-effekter til vinner av hver turnering.

For at din klubb skal kunne delta er det to krav:

- * Må spille minst 24 spill på klubbkvelden
- * Spillekvelden må scores med vanlig parberegning.

NBF sender ut ferdige kortfiler som klubben legger. Om dere ikke har tilgang til ferdigdublerte kort, får dere bare en venn eller et familiemedlem til å legge spillene for hånd. Når kvelden er omme sender dere resultatfilen til NBF, og morgenen etter er resultatet for hele landet klart!

Første kveld allerede spilt

I skrivende stund er årets første simultankveld allerede avholdt, og klare vinnere på landsbasis ble det unge paret Karl Morten Lunna og John Vegard Aa, som spilte i sin faste klubb Heimdal BK. Med over 70 % score har de umiddelbart meldt seg på i kampen om gratis tur til Tromsø. I en pressemelding forteller Lunna at det var ei omfram fantastisk kjensle å gjera det så bra på denne viktige spelekvelden. "Vinnaroppskrifta," informerer Lunna openhjartig, "var å spela mot det presumptivt sterkaste paret, to tidlegare landslagsspelarar som skal få lov å vera anonyme, før dei hadde rukke å få avtalene på plass. Deretter møtte vi hovudsakeleg nissar, og alt gjekk berre éin veg – i gleda. At det held til fyrstepremie tviler eg riktig nok sterkt nok på," seier Lunna, som oppmodar alle til å stille opp i simultantevlingar og utfordre scoren hans: "Kvar dag blir det lagt ei forbløffande mengd egg rundt om i det lange landet vårt, så alle som verkeleg går inn for det, bør kunne plukke opp flust med poeng."



John Vegard Aa og Karl Morten Lunna, suverene vinnere av første simultanturnering denne sesongen. Kan det bli gratis Tromsø-tur?



Send en e-post til ruter@bridge.no og meld på din klubb i dag!

Som medlem av Norsk Bridgeforbund har du mulighet til å sikre deg flere lønnsomme medlemsfordeler. Per i dag har vi inngått avtaler med følgende samarbeidspartnere:



CODAN:

Alle medlemmer av NBF får 5 % rabatt på forsikringer hos Codan. I tillegg oppnår man inntil 15 % samlrabatt ved å samle minst fem

forsikringer. Alle medlemmer av NBF får i tillegg fastpris på innboforsikring.



HURTIGRUTEN:

Ta verdens vakreste sjøreise på Hurtigruten med 5 % rabatt som medlem i NBF. Rabatten gjelder også på NBF sine arrangement om bord på MS Finnmarken.



PARADISE PARK:

Reis på ferie til Tenerife og den sjarmerende byen Los Cristianos, og bo på NBF sitt Bridge for alle-hotell, Hotel Paradise Park. Alle medlemmer av NBF får samme gunstige pris på overnatting som deltakere på Bridge for alle-arrangementene.



SCANDIC HOTELS:

Alle medlemmer i NBF får spesialpris på overnatting hos alle Scandic-hoteller ved bruk av koden ND6629. Dette gjelder også under NBF sine arrangementer.



DETUR:

Få 300 kr. i rabatt per person på reiser til Tyrkia, Tunisia og Hellas gjennom Deturs varierte program. Bridgeklubber i Norge får i tillegg egne skreddersydde bridgereiser med alt utstyr inkludert i prisen!



NORWEGIAN:

Norwegian og Norsk Bridgeforbund har inngått en avtale som gir alle medlemmer 6 % rabatt på flyreiser med Norwegian i Europa. Logg inn på

din medlemsprofil under fanen "Medlemsfordeler" for å få rabattkoden.

Mer detaljer om alle medlemsfordeler finnes på <http://www.bridge.no> (trykk på firmaets logo)

Bridge for de relativt ferske


av Øystein Eriksen

En sommer er over, og hvilken sommer vi har hatt her sørpå. En ny sesong har så vidt begynt, og det er tid for å pusse på formen om du ikke har spilt altfor mye i løpet av sommeren.

Oppgave 1

Den første oppgaven tar opp et velkjent tema for oss som har spilt en stund, men det er kanskje ikke like velkjent for de som leser denne spalten? Du spiller lagkamp og har kommet i 3 grand på disse kortene:

♠ K
♥ AKJ984
♦ AJ98
♣ 82



♠ QJ763
♥ 3
♦ Q1064
♣ AJ3


Vest er giver og alle er i faresonen. Nord har åpnet i 1 hjerter og Syd svarer 1 spar, Øst – Vest passer hele meldingsforløpet. Nord melder nå 2 ruter og Syd støtter til 3 ruter, Nord viser 6 kort i hjerter ved å melde 3 hjerter, og Syd legger kontrakten i 3 grand.

Vest starter med kløver konge og så er det opp til deg. Du har en del kort du må innom for at dette skal gå bra, så du må håpe at Øst ikke har for mange av nøkkelkortene. Det første du må gjøre er å la Vest beholde stikket for kløver konge slik at kløverfargen ikke blir helt åpen. Vest skifter nå til spar og Øst stikker spar konge med esset for å spille mer kløver. Nå må du stikke med esset, ellers har du ikke forbindelser mellom de to hendene. Hva skal du nå satse på? Skal du ta hjerterfinessen eller ruterfinessen? Ruterfinessen gir deg størst sjanse, da ruterer godt kan sitte skjevt bare ruter konge befinner seg hos Vest. Hjerteren derimot må sitte fordelt 3 – 3 med

damen hos Vest om det skal bli en lykkelig utgang. Du spiller derfor ruter ti og lar den gå om Vest legger liten. Du får beholde stikket og tar da for dame, knekt i spar før du spiller ruter dame fra hånden. Stikker ikke Vest lar du den gå, og spiller ny ruter om finessen holder nok en gang (Øst hadde nok stikket første gang for å spille kløver om han hadde hatt kongen). Med fire ruterstikk, to sparstikk, to hjerterstikk og ett kløverstikk er kontrakten din.

♠ K
♥ AKJ984
♦ AJ98
♣ 82

♠ 9852
♥ 106
♦ K75
♣ KQ109



♠ A104
♥ Q752
♦ 32
♣ 7654


♠ QJ763
♥ 3
♦ Q1064
♣ AJ3

I en parturering, derimot, hadde nok en del spillere satset på at begge finessene hadde gått. Som du ser ville de da gått velfortjente beten.

Oppgave 2

I det neste spillet har du kommet i 1 grand. Vest var giver og Nord – Syd var i faresonen. Etter tre ganger pass åpnet Syd i 1 grand, og dermed døde det hele ut. Vest spiller ut hjerter fire, og dette er kortene du skal håndtere:


♠ 1032
♥ K105
♦ QJ3
♣ 10975



♠ AK9
♥ 97
♦ 95432
♣ AKQ


Du skal ikke stikke med kongen, det kan umulig haste, du har jo en viss kontroll på fargen om honnørene er fordelte. Du legger derfor liten i bordet og ser med interesse på at Øst stikker med damen. Selvsagt kan han også ha knekten, men sjansene stiger for at knekten befinner seg hos Vest. Øst skifter til spar, som du bør stikke med en gang. Du bør prøve å hente stikk i ruterfargen, og derfor skal du straks spille ruter mot bordet. Vest stikker med kongen og fortsetter med liten spar til knekten i Øst, som du lar ham få stikk for i tilfelle sparen sitter fordelt 5 – 2. Øst fortsetter med spar og Vest følger farge, så den sitter fordelt 4 – 3. Du må innom ruter ess. Den befant seg hos Vest, og Vest tar også for spar dame. Så kommer liten hjerter, og du legger ...? Du legger liten fordi Vest ikke kan ha hjerter ess. Han har allerede vist ni poeng, og med hjerter ess i tillegg ville

han ha åpnet! Øst får for hjerter ess, men kontrakten er din.

| | | |
|-------------------------------|--|-------------------------------|
| | ♠1032 ♥K105 ♦QJ3 ♣10975 | |
| ♠Q854 ♥J642 ♦AK8 ♣84 |  | ♠J76 ♥AQ83 ♦96 ♣J632 |
| | ♠AK9 ♥97 ♦95432 ♣AKQ | |

Oppgave 3


Denne gangen er det parturnering, med Syd som giver og Øst – Vest i faresonen.

| | |
|--------------------------------|---|
| ♠943 ♥753 ♦KQ8 ♣A1082 |  |
| ♠AQ ♥KQ1098 ♦A97 ♣QJ9 | |

Du har faktisk kommet i 3 grand på disse kortene også, for 10 ekstra poeng i grand kan som du vet gi store utslag i en parturnering. Syd har åpnet i 1 hjerter, Nord høyner til 2 hjerter og Syd hopper til 3 grand. Nord har jo egentlig en grandhånd og godtar derfor forslaget, selv om 4 hjerter kan virke tryggere. Vest spiller ut ruter tre, og så var det deg igjen.

Du bør straks stikke med damen i bordet, for å trekke hjerter opp mot hånden. Øst legger liten og du stikker med damen som beholder stikket. Siden

du har nok inkomster til bordet bør du trekke ruter til kongen og spille nok en hjerter fra bordet. Øst må på med esset, og når Vest følger farge har du kontroll. Øst skifter til spar to, skal du ta finessen eller hva? Dersom kløverfinessen går, er du jo ikke avhengig av å få på spar dame. Dersom Øst har vært så smart at han har både spar konge og kløver konge har du blitt lurt, det hender selvsagt innimellom. Men stikk med spar ess og ta kløverfinessen. Den holder, og dermed har du tolv stikk. I en lagkamp, derimot, burde du prøvd sparfinessen og tatt ni stikk om den ikke hadde lyktes og du fikk spar opp igjen. Altså ingen kløverfinesse etterpå, da kan du jo gå bet!

| | | |
|--------------------------------|--|--------------------------------|
| | ♠943 ♥753 ♦KQ8 ♣A1082 | |
| ♠KJ5 ♥J64 ♦1063 ♣K643 |  | ♠108762 ♥A2 ♦J542 ♣75 |
| | ♠AQ ♥KQ1098 ♦A97 ♣QJ9 | |

Ha en fin bridgehøst!

Psykologien kjem til hjelp

Av Villy Dam

(Omsett av Trond Eidnes, «Sokken»)

Dekk over artikkelen og ta eitt og eitt problem om gongen. Legg eventuelt opp korta.

♠ AKQJ7
♥ Q103
♦ 1086
♣ AJ

Du skal melde først. Kva opnar du med?

Du ligg i intervallet for 1 NT, 15–17, men ofte er det betre å velje ein god femkortsfarge i major når du har heilt maksimum. Etter 1♠ frå deg kjem 2♠ frå Aust. Motparten blandar seg ikkje inn, og det er din tur igjen.

Kva viser makker? Og kven er sjef her?

Makker lovar 6–9 honnørpoeng med 2♠. Denne nokså presise meldinga gjer deg til sjef, og ofte kan du no sikte inn sluttkontrakten.

Den neste meldinga di?

Du har 17 honnørpoeng pluss ein dobbelton, eigentleg 18 poeng i alt. Men honnørane i den korte kløverfargen er eit minus, så handa bør vurderast til 17 poeng. Saman med 6–9 hos makker gir det ein sjanse for 26. Du er med andre ord i tvil om de har nok.


Dersom du kunne sjå bort frå at det var utgang i korta, ville du ha passa ned 2♠. Og var du sikker, ville du straks gått i 4♠. Når du er i tvil, kan du som lagsjef ta makker med på råd og melde 3♠.

3♠ gir ikkje høgare score enn 2 (berre større risiko), så det er opplagt at du inviterer til utgang. Med maksimum, 8–9, går makker vidare.

Aust avsluttar med 4♠. ♦K kjem ut, og du ser ned på:

| Vest | Nord | Øst | Syd |
|------|------|-----|------|
| 1♠ | pass | 2♠ | pass |
| 3♠ | pass | 4♠ | pass |
| pass | pass | | |

♠ AKQJ7
♥ Q103
♦ 1086
♣ AJ



♠ 5432
♥ A762
♦ A74
♣ 97

Prøv no å telje taparar, dei stikka du må gi bort.

Når ♦A er borte, har du to taparar i ruter. I kløver, der du har to kort, er knekten ein tapar. I hjarter har speleføraren tre kort. Det eine blir dekt opp av essen i Aust, mens dei to andre er moglege taparar.

Fem taparar er to for mykje. Korleis kan du prøve å

Du skal satse på eit ekstra hjarterstikk på dama eller tiaren. I tillegg kan den fjerde hjarteren i bordet ordne eit stikk – det kjem vi tilbake til.

Skal du ta kappen i hjarter, eller ...?

Du kan ikkje ta kappen ved å spele ♥Q eller ♥10 frå Vest, for ingen av dei har nokon nabo (♥J eller ♥9). For eksempel vil ♥Q bli stukken av ♥K, same kor kongen er plassert. Men i staden kan du gjere eit oppspel mot honnørane på handa.

Bør du spele hjarter i stikk 2 – etter ♦A – eller kan det vente?

Ventar du, må du seinare bruke ♥A til å kome inn på bordet for eit oppspel, og dette kortet bør heller brukast som innkomst til den fjerde hjarteren i bordet.

Altså liten hjarter frå Aust i andre stikk.

Kva gjer du når Sør legg lågt?

Har Sør ♥K, kan du få stikk for ♥Q. Har Sør derimot berre ♥J, kan ♥10 brukast til å presse ut Nord's ♥K, slik at ♥Q gir stikk.

Matematisk er det femti-femti, men heldigvis kjem psykologien oss til hjelp. Skulle Sør ha kongen, vil han ofte stikke med den (om han då ikkje er ekspert). Plassér derfor Sør på knekten.

Nord stikk ♥10 med ♥K for å spele ♦Q og meir ruter til knekten i Sør. (I første stikk la Sør styrke med ♦2). Sør skifter til kløver.

Kva no?

Du har gitt bort tre stikk og må ha resten. Du skal ikkje fiske med ♣J, for Sør har sjølsagt ikkje spela liten frå ♣KQ.

Kva gjer du etter ♣A?

Det er på tide å ta ut trumfen. Du tek for ♠AKQ, sidan dei fire trumfane hos motparten var fordelte 3-1.

Du har framleis ein kløvertapar å kaste?

Det må skje på hjarter, om du er heldig. Toppspel den korte handa med ♥Q, før du stikk tredje runde med essen på bordet. Alle følgjer farge.

Det ligg stadig ein hjarter på bordet. Er den god?

Ja! Dei seks hjarterane hos N-S fordelte seg 3-3, ettersom begge har følgd tre rundar av fargen. Du innkasserer derfor hjarter nr. 13, og ♣J forsvinn.

Heile fordelinga:

| | | |
|---------|-----------|--------|
| ♠ 1086 | | ♠ 5432 |
| ♥ K84 | | ♥ A762 |
| ♦ KQ53 | | ♦ A74 |
| ♣ Q85 | | ♣ 97 |
| ♠ AKQJ7 | | ♠ 9 |
| ♥ Q103 | | ♥ J95 |
| ♦ 1086 | ♦ J92 | |
| ♣ AJ | ♣ K106432 | |

Resultatet vart to taparar i ruter og éin i hjarter. Dei ti stikka dine: fem i spar, tre i hjarter og to minoress.

Merk deg at ♥A først vart brukt i tredje omgang av fargen, slik at kortet kunne tene som innkomst til den fjerde hjarteren i bordet. Oppspelet mot ♥Q10 måtte derfor skje alt i andre stikk.

Kommentar: Med to essar hos Aust var handa nær ved å vere for god for 2♠. I trumfkontrakt er nemleg essar (og kongar) litt undervurderte etter 4-3-2-1-skalaen. Likevel var utgangen langt ifrå opplagt. Det kjem mellom anna av dupliseringa i kløver, doubleton på begge hender. Og ein raud knekt i staden for ♠J hadde hjelpt mykje.



Generalens sammenbrudd

Av Villy Dam

(Omsett av Trond Eidnes, «Sokken»)

Dekk over artikkelen og ta eitt og eitt problem om gongen. Legg eventuelt opp korta.

Generalen var kjent som en slagferdig melder, i den forstand at han gjerne klaska meldekorta i bordet etter først å ha rota tungt rundt i meldeboksen. Dessuten var han tilhenger av harde meldinger, og makker var instruert om at de fleste kontraktene burde spilles på offisers hånd.

Her er et spill der Generalen fikk utdelt fire ess og litt annet snadder:

- ♠ A93
- ♥ A86
- ♦ AK854
- ♣ AJ

Hva passet det seg en general å åpne med?

Femkorts ruterfarge var ikke spesielt viktig. Derimot kunne den flotte kortsamlinga beskrives i en fei som en jamt fordelt hånd med 20–21 honnørpoeng. 2 NT dundra så i bordet.


Da Vest hadde falt til ro, svarte Øst 3 NT. N-S kom ikke til orde.

Hva nå?

Generalen måtte motvillig akseptere at her var makker sjef for meldingene. Han selv hadde jo fortalt sin historie. 3 NT var en sluttmelding.

Nord serverte ut ♠2, og Generalen så:

- ♠ A93
- ♥ A86
- ♦ AK854
- ♣ AJ



- ♠ J65
- ♥ Q73
- ♦ J
- ♣ KQ8742

| Vest | Nord | Øst | Syd |
|------|------|-----|------|
| 2NT | pass | 3NT | pass |
| pass | pass | | |

Hva skulle Generalen legge fra bordet?

Hvis utspillet var fra ♠KQ, ville knekten gjøre susen, men det var dobbelt så sannsynlig at Nord hadde spilt ut fra ♠Q10 eller ♠K10. Da ville en liten tass fra blindemann tvinge fram en honnør i Syd, slik at knekten utgjorde en ekstra stopper bak Nord's honnør.

«Liten!», befalte Generalen.

Uheldigvis halte Syd fram ♠10. Siden ♠A uansett bare ville gi ett stikk, hadde Generalen ikke hastverk. ♠10 tok det første stikket, og Syds ♠Q det neste, før Generalen kom inn på esset tredje gang.

Hvor mange stikk kunne det bli?

Vest hadde fire toppstikk i de tre høyeste fargene, og ville ikke kløveren kunne gi seks stikk i kraft av bordets sekskortsfarge og de fire honnørene? Altså gode sjanser for overstikk.

Hvordan skulle Generalen takle kløverfargen?


Korthånda (den med færrest kort i fargen) skulle toppspilles, slik at spillefører kunne ende opp på langhånda. Så etter ♠A smalt ♣A ned i bordet.

I neste stikk fulgte Nord farge på ♣J, og Generalen la enda en gang liten i bordet. Så kom det liten hjerter mot dama ...

Hvor mange stikk ville Generalen få dersom bildet var:

- ♠ K872
- ♥ K9
- ♦ Q93
- ♣ 10953

- ♠ A93
- ♥ A86
- ♦ AK854
- ♣ AJ



- ♠ J65
- ♥ Q73
- ♦ J
- ♣ KQ8742

- ♠ Q104
- ♥ J10542
- ♦ 10762
- ♣ 6

Nord ville ta ♥K og et tredje sparstikk, men Generalen ville få resten, siden ♥Q ville gi innkomst til resten av kløverfargen.

Men kanskje fordelinga i stedet var slik:

| | | |
|---------|--|----------|
| ♠ K872 | | ♠ J65 |
| ♥ J92 | | ♥ Q73 |
| ♦ Q93 | | ♦ J |
| ♣ 953 | | ♣ KQ8742 |
| ♠ A93 | | |
| ♥ A86 | | |
| ♦ AK854 | | |
| ♣ AJ | | |
| ♠ Q104 | | |
| ♥ K1054 | | |
| ♦ 10762 | | |
| ♣ 106 | | |

Hvordan ville det nå gå for Generalen?

Han ville bare få to kløverstikk, for Syd ville stikke ♥Q med kongen. Resten av bordets kløver ville så blafre i vinden. Det hele ville trolig ende med bare seks stikk til Vest.

Kan Vest klare sin utgang i grand med denne fordelinga?

Ja, ved å stikke over ♣J med ♣Q eller ♣K og dermed ta seks kløverstikk – ti i alt.

Det var to spilleplaner. Generalen satte sine sparepenger på ♥K i Nord og ville vinne med den første fordelinga.

Den alternative spilleplanen, der vi stikker over ♣J, krever 3–2-sits i fargen (den siste fordelinga).

Hvilken plan er best?

Sjansen for ♥K i Nord er 50 %. Risikoen ved å stikke over ♣J (4–1-sits i kløver) er langt mindre enn 50 %, særlig når Vest på ♣J har sett at Nord ikke har singel kløver.

Sammenbruddet

Den siste fordelinga var den reelle, så korrekt spilleføring ville føre til ti stikk.

Da Generalen så at alle fulgte farge på ♣J, og i tillegg så at ♥Q i neste stikk ble stukket av kongen, brøt spillet sammen, og han endte opp med bare seks stikk.

«Ti toppstikk, og du gikk tre ned,» lød det knusktørt fra makker.

Generalen sank nå sammen i stolen med nesa i bordhøyde, mens stoltheten forsvant som dogg for sola.

For den rutinerte

Det beste etter ♠A er ellers liten hjerter mot ♥Q. Har Nord ♥K og stikker, vinner 3 NT både med 3–2- og 4–1-fordeling i kløver.





I ein fersk artikkelserie vil den norsk-tadsjikiske litteraturvitaren og bridgespelaren Maja Kovskij presentere for lesarane skjønnlitteratur som dreier seg om kortspel, både frå norsk og internasjonal bokavl. Denne gongen skal vi sjå på skodespelet *A Streetcar Named Desire* av amerikanaren Tennessee Williams.

Poker er ikkje for kvinner

Tennessee Williams, fødd i 1911 i Columbus, Mississippi, måtte utstå ein hard oppvekst og mange år som ein heller perifer og ukjent dramatistar, før han plutselig slo igjennom med det hjerteskerande stykket *The Glass Menagerie* i 1944. Seinare verk som *Cat on Hot Tin Roof* og *Sweet Bird of Youth* har saktens òg vorte ståande som pålar innan moderne dramatik, jamvel om Williams fekk eit vanskeleg liv, prega av personlege tragediar og formørka av narkotikamisbruk og depresjonar, før han døydde på botnen av karrieren sin i 1983. Men meir enn alle dei nemnde verka, blir han hugsa for eit sinnrikt arbeid som nok er svært personleg, men som har så mange djupner at alle vil kunne finne noko å grava i der: *A Streetcar Named Desire* – på norsk *En sporvogn til begjær* – vart fyrste gongen framført i 1947, på Broadway, med ein 24 år gamal og enno nokså ukjent Marlon Brando i den mannlege hovudrolla. Fire år seinare fekk same skodespelar hovudrolla i filmatiseringa av stykket, og det er vel etter kvart fleire som har sett filmen enn det er som har sett ei sceneoppsetjing av *A Streetcar Named Desire*, enn seia lese manuskriptet. Vi gjekk nokre rundar med oss sjølve for å vurdere om vi eigentleg burde trekkje dramatik inn denne spalta, der vi så langt har sysla berre med epikk og lyrikk. Det er klart at vi ikkje kan yte det dramatiske verket full rettferd her, i ein analyse av sjølve tekstgrunnlaget, når vi helst skulle sett og studert ei sceneoppsetjing. Men manuskriptet har sjølvstort stor verdi i seg

sjølv, som tekst, og når vi les det kan vi alle spela det ut i hovuda våre, med vår eiga tankekraft, fritt etter eigen fantasi.

Vi kan til dømes sjå føre oss Blanche DuBois, den tertefine hovudpersonen i stykket, når ho kjem spradande frå det skjerma overklasselivet i småbyen Laurel, Mississippi, inn i den kosmopolitiske larmen i New Orleans, Louisiana, for å vitje syster si, Stella. Det er sporvogna som tek henne til den rette bydelen som har påskrifta *Desire*, og det fanst unekteleg ei line i det røynelege New Orleans som gjekk gjennom Bourbon via The Quarter til *Desire Street*; byen er kjent for dei fargerike geografiske namna sine. Blanche blir sjokkert over forholda systera viser seg å leva under; Stella har nok pynta vesentleg på sanninga i breva ho har sendt heim til Mississippi. Diverre skal det vise seg at løgnene likså ofte har gått andre vegen: Blanche har ikkje alt på stell ho heller, for å seia det mildt, og den tilsynelatande stilsikre elegansen hennar skal bli avslørd som eit narrespel, eit tynt ferniss av innøvde frasar og manerar over eit avgrunnsdjup av nevrotske kjensler, sorg og alkoholisme. Sanninga byrjar for alvor koma for dagen i den tredje av dei elleve scenene stykket er bygd opp av, som er ei scene med spesiell relevans andsynes temaet vårt her. Der blir det nemleg spela kort. Ikkje akkurat bridge, som vi får vita at Stella kan å spela, ei raffinert form for tidsfordriv som ho venteleg har lærd på lumre ettermiddagar heime i Mississippi. Nei, her i det viltre New Orleans går det sjølvstort i poker, og det på eit så ukristeleg

Tennessee
Williams



vis at det langt på veg samsvarar med det dårlege ryktet pokerspelet gjerne har hatt i meir skinnheilage krinsar.

Stellas ektemann, som det syner seg at ho ventar barn med, er så langt under Blanche si snørrhovne verdigheit som ein kan koma. Han heiter Stanley Kowalski, ein kolerisk polakk som ikkje ser med blide augo på denne svigerinna som utan forvarsel har dukka opp og innlosjert seg i den vesle leilegheita han og Stella deler. Han har dessutan sine mistankar mot Blanche, basert på fråsegnene til ein fyr han kjenner, som stadig har passert gjennom Laurel i forretningsaugemed. Det gjeld ikkje berre det faktum at Belle Reve, som DuBois-familiens gamle herskaphus heiter, ser ut til å ha glide vekk så å seia mellom fingrane på Blanche, og at familieformuen likeins er forsvunnen som dogg for sola. Vel så mykje handlar det om den moralske vandelen hennar: Etter at ektemannen hennar synte seg å ha homoseksuelle tilbøyelegheiter og enda med å skyte seg i hovudet, skal ho ha mist arbeidet sitt som lærarinne på grunn av ein affære med ein purung elev. Ho har generelt hatt mange flyktige affærar og er kjent i småbyen som noko av eit ludder. Det er for så vidt ikkje til å undrast på at Stanley, når han har denne kunnskapen om den sanne Blanche, misliker den nedlatande haldninga ho har andsynes han og venene hans, og heile byen New Orleans for den del. Ikkje di mindre må ein seia at ein sympatien vår blir verande hjå Blanche, når det snart blir klårt kor rå og enkel, for ikkje å seia dyrisk, denne Stanley Kowalski er. Det ser vi mellom anna den aftanen då han har byde venene sine Steve, Pablo og Mitch heim på poker, medan Stella og Blanche er ute på kino. Vi kjem inn i denne scena på eit tidspunkt der spelet allereie har pågått lenge; Williams' instruksjonar set stemninga perfekt:

There is a picture of Van Gogh's of a billiard-parlor at night. The kitchen now suggests that sort of lurid nocturnal brilliance, the raw colors of childhood's spectrum. Over the yellow linoleum of the

kitchen table hangs an electric bulb with a vivid green glass shade. The poker players – Stanley, Steve, Mitch and Pablo – wear colored shirts, solid blues, a purple, a red-and-white check, a light green, and they are men at the peak of their physical manhood, as coarse and direct and powerful as the primary colors. There are vivid slices of watermelon on the table, whiskey bottles and glasses. The bedroom is relatively dim with only the light that spills between the portieres and through the wide window on the street. For a moment, there is absorbed silence as a hand is dealt.

Slik vil Stanley ha det. Han vil spela og drikke, han er ikkje interessert i snikksnakk. Sjølv når kvinnene kjem heim frå kinoen klokka halv tri om natta, er han ikkje villig til å etterkoma den gravide Stellas ynske om å runde av spelinga. Pokeren held fram medan Stella går for å ordne eit bad til Blanche, som klagar på at nervane hennar “are in knots”. I baderomsdøra blir Blanche introdusert for Mitch, som er eit mykje mildare, meir elskverdig vesen enn kameratane sine. Mitch og Blanche skal koma til å innleia ein liten romanse, som diverre fell i fisk når han får høyre dei lite flatterande historiene om henne. Stanley misliker frå fyrste augneblink at Mitch flørtar med Blanche, men høgdepunktet i pokerscena – eller skal vi seia botnpunktet – kjem når Blanche vil skapa litt feststemning ved å slå på radioen:

[Blanche waltzes to the music with romantic gestures. Mitch is delighted and moves in awkward imitation like a dancing bear. Stanley stalks fiercely through the portieres into the bedroom. He crosses to the small white radio and snatches it off the table. With a shouted oath, he tosses the instrument out the window.]

Stella: Drunk – drunk – animal

thing, you! *[She rushes through to the poker table]*

All of you – please go home! If any of you have one spark of decency in you –

Blanche *[wildly]*: Stella, watch out, he's – *[Stanley charges after Stella.]*

Men *[feebly]*: Take it easy, Stanley. Easy, fellow – let's all –

Stella: You lay your hands on me and I'll – *[She backs out of sight. He advances and disappears. There is the sound of a blow. Stella cries out. Blanche screams and runs into the kitchen. The men rush forward and there is grappling and cursing. Something is overturned with a crash.]*

Blanche *[shrilly]*: My sister is going to have a baby!

Mitch: This is terrible.

Blanche: Lunacy, absolute lunacy!

Mitch: Get him in here, men.

[Stanley is forced, pinioned by the two men, into the bedroom. He nearly throws them off. Then all at once he subsides and is limp in their grasp. They speak quietly and lovingly to him and he leans his face on one of their shoulders.]

Stella *[in a high, unnatural voice, out of sight]*: I want to go away, I want to go away!

Mitch: Poker shouldn't be played in a house with women. *[Blanche rushes into the bedroom.]*

Blanche: I want my sister's clothes! We'll go to that woman upstairs!

Mitch: Where is the clothes?

Blanche *[opening the closet]*: I've got them! *[She rushes through to Stella]* Stella, Stella, precious! Dear, dear little sister, don't be afraid! *[With her arms around Stella, Blanche guides her to the outside door and upstairs.]*

Ikkje før har systrene forsvunne opp til grannekjerringa Eunice, og ikkje før har Mitch og dei andre kameratane uskadeleggjort konemishandlaren Stanley inne på soverommet, så byrjar han sjølvsgatt ule etter si kjære Stella igjen, liksom ein angrande syndar. Seinare, i ly av natta, går sanneleg Stella ned trappa att, til stor fortvilning hjå Blanche. Ein kan altså seia at båe systrene DuBois er fanga i destruktive banar: Slik Blanche er avhengig av alkoholen og av overflatiske romansar med stadig nye menn, er Stella avhengig av den uforbetreleg valdeleg ektemannen sin. Scena kring pokerbordet er eit vesentleg ledd i denne dystre, men akk så realistiske karakterbygginga, som i sin tur er med på å forme *A Streetcar Named Desire* til det grunnleggjande pessimistiske stykket det unekteleg er. Stanley frå arbeidarklassa er eit like dårleg menneske som Blanche frå overklassa. Ein stad imellom står den gode Stella – namnet tyder stjerne – som diverre må seiest å vera *for* god, i ein slik grad at ho ikkje greier å stå imot den dårskapen og vondskapen som frå alle sider spinn ein vev ikring henne.

Konflikten eskalerer fram mot den tiande scena, der Stella er på fødeavdelinga medan Stanley går heim med sitt vanlege kvantum alkohol. Blanche er framleis i kåken, endå Stanley har gjort det meir enn tydeleg at han ynskjer henne ut. No påstår ho riktig nok at det ikkje er lenge før ho fer, at ho skal på cruise i Karibia med ein rik velgjerar. Sinnsforvirringa hennar har nådd eit slikt nivå at ho sjølv trur på dette – jamvel om Stanley nådeløst avslører den grandiose planen som ei blank løgn. For så vidt har ho allereie vedgått, i niande scene når Mitch freistar skru på lyset for å sjå henne tydelegare, kor kjære

Marlon Brando som Stanley Kowalski, Vivien Leigh som Blanche DuBois i den kjende filmatiseringa av *A Streetcar Named Desire*



illusjonane er henne: “I don’t want realism,” seier ho, “I want magic! [...] Yes, yes, magic! I try to give that to people. I misrepresent things to them. I don’t tell truth, I tell what ought to be truth. And if that is sinful, then let me be damned for it! – Don’t turn the light on!” Men vi veit at dette livssynet ikkje er berekraftig, at framtidsutsiktene er dystre for ein fallert diva som har forlora både pengane sine og heimen sin og ryktet sitt, fanga i ein fattig del av det store landet der kvar og ein er si eiga lykkes smed. Stanley slår ein siste spikar i kista hennar: Tiande scene endar idet han valdtek henne inne på soverommet, alt medan det vanlege samansuriet av trompetar og trommer sviv inn frå gata utanfor. Williams skapar som vanleg den rette stemninga, både gruvsam og vemodig, delvis absurd og delvis nådeløst realistisk.

Omsider fylgjer ellefte og siste scene, tidfest nokre veker seinare, då Stella har fått barnet sitt og er i ferd med å pakke saman tinga til Blanche. Passande nok sit Stanley, Steve, Pablo og Mitch og spelar poker igjen, akkurat som i tredje scene. Medan Blanche som så ofte ligg i badekaret og nynnar på svermariske songar, kviskrar Stella ei forferdeleg lita setning til grannekjerringa Eunice: “I couldn’t believe her story and go on living with Stanley.” Endå “her story”, altså påstanden om valdtekta, unekteleg er sann, har Stanley overtydd Stella om at nok er nok, Blanche må ut. Det gjer den stakkars Stella ufatteleg vondt, for ho veit jo at systera ikkje lenger har nokon heim å dra til. Enno trur Blanche at ho skal på cruise i Karibia, ho tek berre eit siste bad før avreise, men når det ganske snart ringjer på døra, er det ikkje den rike velgjeraren som kjem for å bringe henne til yachten, det er ein lækjar og ein sjukepleiar som skal ta henne med til ein psykiatrisk institusjon. Blanche strittar imot, og Stanleys pokerkameratar protesterer, men saka er ikkje til å diskutere. Det innser jamvel Blanche til slutt, illusjonen om Karibia døy, og ho resignerer med nokre ord til lækjaren som har vorte klassiske: “Whoever you are – I have always depended on the kindness of strangers.” Stella blir ståande og sjå etter Blanche idet dei leier henne nedover gata, og medan dei andre finn attende til kortbordet, går Stanley ein snartur ut til henne.

Stanley [*a bit uncertainly*]: Stella?
[*She sobs with inhuman abandon.*
There is something luxurious in her complete surrender to crying now that her sister is gone.]

Stanley [*voluptuously, soothingly*]:
Now, honey. Now, love. Now, now, love. [*He kneels beside her and his fingers find the opening of her blouse*]
Now, now, love. Now, love ...
[*The luxurious sobbing, the sensual murmur fade away under the swelling music of the blue piano and the muted trumpet.*]

Steve: This game is seven-card stud.

Deretter teppefall. Det blir altså pokeren, det primitive spelet som mannfolka spelar om pengar, som får runde av *A Streetcar Named Desire*. Kven som vinn pengane den kvelden, seier ikkje stykket noko om. Men det er irrelevant, det som er sikkert er at barbaren Stanley har vunne den største kampen sin, utspela i halvlyset på den klamme scena, den vesle leilegheita i New Orleans. Den mannlege råskapen har overvunne det milde kvinnelege huglynnnet, den grove røynda dei silkefine draumane. Blanche var ingen verdig motstandar for ein med Stanleys styrke, ho forstod aldri reglane som gjeld i den brutale verda vår, hørde vel ikkje heime her i utgangspunktet. Det største tapet er det riktig nok ikkje Blanche som har lide, for ei med hennar sinnsforvirring finn alltid nye ynskedraumar, nye illusjonar å tære på. Verre er det med Stella, som ikkje berre har mist syster si, men på ein måte også ektemannen sin, og med han den grunnleggjande optimismen som Blanche iallfall hadde, den blinde trua på “the kindness of strangers”. Ikkje di mindre har Stella fått eit barn, og så blir spørsmålet kva som ligg i dette potente symbolet: Finst det ei framtidsvon der, eller er det skuldfrie barnet like fortapt som den gode Stella er, i ei verd fortapt i umoral? Det svarar ikkje Williams på, det må lesaren sjølv ta stilling til.

MP-TREFF

Mandag 1., tirsdag 2., onsdag 3. og torsdag 4. desember arrangeres MP-treffet. Turneringen er en landsomfattende parturnering arrangert lokalt i den enkelte klubb eller krets for spillere som er medlemmer i NBF.

Det benyttes forskjellige spillserier hver dag, slik at spillere kan delta alle dager. Kretser/klubber kan gjerne arrangere alle dager. Puljene arrangeres som simultanturneringer med 27 spill. Det kan spilles 3-bords serieturnering med 6 par, 4-bords Howellturnering med 7-8 par, 5-bords Howellturnering med svanser med 9-16 par, 9-bords Mitchellturnering med 17-18 par eller avbrutt serieturnering. Hver arrangør kan arrangere flere puljer samme dag.

Krets poeng i hver pulje etter skala 5-3 (inntil 8 par), 7-4-2 (9-12 par), 8-6-4-2 (13-16 par) eller 10-7-5-3-2 (17+ par). Klubbpoeng utdeles ikke. Forbunds poeng utdeles hver dag på landsbasis i henhold til tabell O i "Regler for norske mesterpoeng". Poengene registreres direkte i NBFs database.

Premiering hver dag til beste 1/10. Startkontingent fastsettes av arrangøren. NBF fakturerer arrangøren kr. 120,- pr. par (juniorer halv pris).

Påmelding (arrangør) med spiledag og antall puljer til NBF innen 24. november 2013.

NB! Siden turneringen nå arrangeres som simultanturnering, må klubben enten benytte Ruter som regnskapsprogram og sende inn rapport på samme måte som for simultanturneringene, **eller sende inn startliste og slipper på e-post eller faks senest dagen etter turneringen.** Så registreres det hele inn i Ruter på forbundskontoret.

Startliste og slipper sendes til ruter@bridge.no eller faks 22 23 65 40, Ruterbrukere sender turneringsfil (*.mc2) til ruter@bridge.no.



Underholdning
&
hotellovernatting

HØSTENS OPPLEVELSER FINNER DU PÅ
SHOWPAKKER.NO



Du velger show – vi ordner resten!



Tlf. 06154 | www.showpakker.no

Scandic



Codan Forsikring

- så er du godt dekket

Få inntil
20 % rabatt
på dine
forsikringer!

Ring nå til **06300** og husk å si at du er medlem i **Norsk Bridgeforbund!**
Eller gå inn på **codanforsikring.no** for mer info.